

ÅRSRAPPORT 2025



IKA
HORDALAND

Dagleg leiar si årsberetning

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vart stifta i 1987. Selskapet er i dag eigd av 24 kommunar frå tidlegare Hordaland fylke og er samlokalisert med Bergen Byarkiv i Hansaparken i Bergen.

2025 har vore eit år prega av førebuingar på nytt lovverk og omstilling. For å møte eigarkommunane sine forventningar om effektivisering og føresejelegheit, har IKA Hordaland IKS teke fleire grep for å styrkje rolla vår som eigarkommunane sin føretrakne tenesteleverandør.

Nye lovkrav og selskapsutvikling

Arbeidet i meldingsåret har vore styrt av behovet for å møte eit nytt juridisk landskap. Med den nye forvaltningslova frå juni 2025 og ny arkivlov med nye føresegner frå 2026, vert krava til forvaltning, digitalisering og rettstryggleik skjerpa. Gjennom omstillinga «IKAH 2026» har vi føreteke endringar i organisasjons- og økonomimodellen vår for nettopp å møte desse krava. Målet har vore å sikre eigarkommunane ei profesjonell forvaltningsstøtte som kan fylle intensjonane i og gjennomføringa av lovverket på ein effektiv og føreseieleg måte.

Effektive støttesystem og nye tenester

For å møte eigarane sine forventningar har vi gjennom året modernisert den interne drifta. Innføring av nye støttesystem gjer oss meir effektive og frigjer ressursar til kjerneoppgåvene. Vi har lansert fleire nye tenester som for eksempel digitalt nærmagasin og skanning av byggesaksarkiv, tiltak som svarar på behovet for auka og betre tilgjengelegheit til dokumentasjon i sakshandsaminga.

Hansaparken – eit sterkt fagmiljø

Vi tek mål av oss om å vere eigarkommunane og innbyggjarane deira dørøpnar til eigne rettar og felles historie. Statistikken frå Nasjonalarkivet for 2025 stadfestar at vi leverer på målet. Med over 660 000 kjeldevisningar på Digitalarkivet er vi blant dei fremste på digital tilgjengeleggjing av dei kommunale arkiva. Det arkivfaglege miljøet i Hansaparken stod åleine for over 40 % av tilveksten av digitalisert kommunalt materiale på Digitalarkivet i 2025. Gjennom dette arbeidet bidreg vi til å styrkje demokratisk motstandskraft og legg rette for eit levande lokaldemokrati prega av brei deltaking, inkluderande fellesskap og høg grad av tillit.

Eg er stolt over arbeidet vil takka dyktige medarbeidarar for innsatsen i eit krevjande år, og våre eigarar og samarbeidspartnarar for eit godt og konstruktivt samarbeid i 2025.

Helsing,

Rune Lothe
Dagleg leiar

Bergen 11.06.2026

Innholdsliste

Strategi 2025	5
Handlingsplanen for 2025	6
Organisasjon og personale	7-9
Økonomi og byggprosjekt	10-13
Basistenestene	14-21
Depottenestene	22-28
Oppdragstenestene	29-31
<i>Tabell 1. Organisasjon og personale</i>	<i>7</i>
<i>Tabell 2. Økonomi</i>	<i>10</i>
<i>Tabell 3. Basistenesta</i>	<i>15</i>
<i>Tabell 4. Bestand</i>	<i>22</i>
<i>Tabell 5. Katalog</i>	<i>23</i>
<i>Tabell 6. Innsynssaker</i>	<i>24</i>
<i>Tabell 7. Digitisering av kulturarva</i>	<i>25</i>
<i>Tabell 8. Publiserte arkivstykker - Digitalarkivet 2025</i>	<i>26</i>
<i>Tabell 9. Digitalt depot</i>	<i>28</i>
<i>Tabell 10. Ordningsarbeid og ordningsgrad</i>	<i>29</i>

Strategi 2025

Vi har laga eit framtidsbilde der sakshandsamarar, innbyggjarar og forskarar skal ha digital tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og eigar historie.

Vårt syn er at om vi bidreg til at arkivforvaltninga i kommunane er i samsvar med lov og forskrift vil vi og bidra til ei betre ressursutnytting og auke verdiskapinga i kommunane. Måla for kvar arkivhaldet skal vere ved utgangen av 2025 er formulert etter kommunane sine behov og pålegg etter lova.



Innsatsområde

I vårt framtidsbilde spelar nasjonale samarbeidsløysingar som Digitalarkivet, samarbeid med frivillige, arkivleverandørar og Universitet i Bergen viktige roller.

Gjennom strategien har vi samarbeida med Nasjonalarkivet og delteke på alle arkivtilsyn som våre eigarkommunar har fått dei 3 siste åra. På den måten har vi kunna forbetre ved å hjelpe kommunen å lukke pålegg frå tilsyn.

Vi har følgd opp det regionale nivået og Fylkestinget sitt vedtak frå 15. desember 2020 om regionalt samarbeide. Gjennom 2025 har vi mellom anna samarbeida med Bergen kommune, Byarkivet, Universitetet i Bergen, IKT-Nordhordland, DigiNordhordland, Industriarkivet i Odda, Vestland fylkeskommune (Arkivråd Vestland) og Nasjonalarkivet v/Statsarkivet på Årstad i Bergen.

Det er og jobba med berekraft gjennom sertifiseringa som Miljøfyrtårnbedrift som og inngår som ein del av samarbeidet med Bergen Byarkiv.

Handlingsplanen for 2025

Handlingsplanen og tiltaka tek utgangspunkt i status ved inngangen til strategiperioden.

Status var at:

- Arkiva er mangelfullt sikra og etterslepet av arkiv som skulle vore deponert er stort.
- Arkiva er ikkje digitalt søkbare eller digitalt tilgjengelege.

Tiltaka for å bøte på denne situasjonen kan kort oppsummerast som, **Arkiva i hus** og **Arkiva i bruk**.

Arkiva i hus omhandlar fleire aktivitetar for å fange, sikre og klargjere arkiv til formidling.

Arkiva i bruk handlar om aktivitetar som skal formidle arkiva til sakshandsamarar, brukarane og forskarar og sikre at arkiv som vert danna har høg kvalitet i danninga.

Måloppnåing

- Alle eigarkommunane har framdrifts og finansieringsplanar som skal sikre arkiv skapt i perioden frå 1837-1995 og få desse deponert i tråd med lov og forskrift.
- Alle eigarkommunane har gjennom Digitalarkivet si løysing for Digitalt sikringsmagasin etablert ei fungerande løysing for langtidslagring av digitale arkiv.
- Alle eigarkommunane har gjennom Digitalarkivet si løysing etablert NOARK – visningsløysing og dermed tilgang til digitalt skapte arkiv slik ny lov og føresegn krev.
- Eigarkommunane skal ha framdrift og finansieringsplanar for å ta att etterslepet av avslutta system og få teke uttrekk og då desse sikra i tråd med lov og forskrift.
- Eigarkommunane har signert tenesteavtalar for spesialrom for papirarkiv. Avtalane er meint å dekkje behovet for arkiva i frå perioden 1837-1995 og t.o.m. 2019 for nedlagde kommunar, slik forskrifta set krav om.
- Eigarkommunane har ein finansieringsplan for digitalisering av kulturarva. Planen skal sikre at fastsette mål om 10 % av dei kommunale arkiva skal vere digitalisert kan nås innan 2029.
- Vi har dei siste åra helde jamlege arkivplan/internkontroll Workshop. Målet er at alle eigarkommunane har revidert sin dokumentasjonsstrategi og etablert internkontroll ved utgangen av desember 2025.

Organisasjon og personale

Talet på sysselsatte i verksemda minka noko i 2025. Det skuldast at vi tok inn færre sommarvikarar samstundes som vi hadde ei vakant stilling då ein av rådgjevarane våre sa opp stillinga si og det ikkje vart tilsett ny før året var omme.

Hjå oss arbeider det nær halvt om halvt med kvinner og menn i aldersspennet frå 21-51 år. I 2025 utførte faste tilsette 11,1 årsverk. Det er ei auke på 0,5 årsverk frå fjoråret.

Midlertidig tilsette utførde 2,3 årsverk. Bruken av midlertidig tilsette skuldast permisjonar, fråvær og auka behov for arbeidskraft i samband byggeprosjektet Hansaparken.

Tabell 1. Organisasjon og personale

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Antall sysselsatte i løpet av året.	17	19	18	-1
Kvinner	8	10	8	-2
Menn	9	9	10	+1
Antall årsverk faste	8,8	10,4	11,1	+0,5
Årsverk midlertidige og engasjement	4,4	3,4	2,3	-1,1
Samla årsverk	13,5	13,8	13,4	-0,4
Lønnsutgifter pr. årsverk	757 670	959 232	723 055 ¹	-24%
Lønnsandel av driftsutgifter	55 %	67 %	65 %	-2%
Sjukefravær	2,85 %	6,50 %	6,50 %	0

Omstilling

Gjennom 2025 har det pågått eit omstillingsarbeid, kalla «IKAH 2026» Bakgrunnen for arbeidet var kunne gjere for å møte konkurranse og nye krav i samband med ny lov og føreseigner for arkiv som var bebuda gjeldande frå 1. januar 2026.

Styret engasjerte PWC for å sjå på ny økonomimodell, organisasjon og nye tekniske løysingar.

Helse miljø og tryggleik

Vi kjøper bedriftshelsetenester gjennom Volvat. Dei har dei siste åra bidrege med råd og rettleiing i samband med arbeidsmiljø. Arbeidsmiljøet handlar om korleis ein organiserer arbeidet. Her er både verneombod og tillitsvalt sentrale samarbeidspartar. Det å stå i ei omstilling og ein flytteprosess samtidig er vore krevjande. Eit velfungerande partsamarbeid er difor viktig.

Arbeidsmiljøkartlegginga og vernerunden for 2025, vart utført i samråd med verneombodet. I følge Volvat bedriftshelseteneste, er hovudintrykket positivt. Undersøkinga konkluderte med at vi har eit forsvarleg arbeidsmiljø og at resultata ligg kring referansepunkta til STAMI. ² Systematisk Helse miljø og tryggleiksarbeidet kjem ikkje av seg sjølv og det er viktig å halde fokus på dette og framover.

¹ Ei endring i AFP ordninga gav store utslag på pensjon og dermed og lønnsutgifter pr. årsverk.

² Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)

Likestillingsarbeid

Offentlege verksemdar skal rapportere på likestilling. Hå oss føl vi opp krava til likestilling i styre og gjennom arbeidet med helse miljø og tryggleik. Arbeide er kontinuerleg og handlar både om lov og forskriftskrav, men og korleis både leing og tilsette opptre ovanfor kvarandre og utad mot andre.

Vi arbeider mellom anna med likestilling gjennom å bevisstgjere på dei etiske verdiane våre, raus og ryddig. Raus handlar om korleis vi skal opptre ovanfor kvarandre som kollegaer og ryddig gjeld korleis vi skal opptre som arbeidsgjevar og samarbeidspart utad.

Dei siste åra har vi brukt arbeidsmiljøundersøkingar og QPSN³ og STAMI sine referanseverdiar for å sjå om arbeidet gjev resultat. Målet er at tilsette og samarbeidspartar skal oppleve likestilling og at det ikkje føregår diskriminering eller trakassering i verksemda.



Bilete tilsette hjå IKA-Hordaland IKS. Oppe t.v. Vilde Normann, Knut Kjosås, Håvard Ringen, Jørn Harald Grov, Sandra Valskog. I midten, Janny Sjøholm, Elizabeth Skræmestø. Nede t.v. Aimar Steen, Inge Vikane, Øyvind Westad Olsen, Adisa Zvekic og Kjersti Marie Sørenes. Dagleg leiar Rune Lothe tok biletet.

³ QPSNordic er eit Nordisk spørjeskjema for psykologiske og sosiale faktorar i arbeid.

Utvikling og kompetanseheving

Vi er ei kunnskapsbedrift og kontinuerleg utvikling er noko vi ynskjer å leggje til rett for. Difor har den enkelte tilsette ein eigen kompetansepott som det vert forventa at den tilsette bruker til å heve og vedlikehalde sin eigen kompetanse.

Vår kompetanse ligg i skjæringspunktet mellom arkivfag, jus og it, og kan samanfattast i det vi har valt å kalle kompetansetrekanten. I meldingsåret har tilsette brukt 3 % av arbeidstida vore brukt til å heve dei tilsette sin kompetanse.

Det at verksemda aktivt legg til rette for utvikling av dei tilsette sin kompetanse har stor verdi for eigarane våre. Vi meiner at det og er med på å gjere oss til ein meir attraktiv arbeidsplass.

- Vi deltok på Arkivarforeningens vårseminar i Oslo 1-2 april.
- Vi var representert på Privatarkivkonferansen i Stavanger den 28-29 april.
- Vi var representert på Kommunearchivkonferansen i Fredrikstad 25. september.
- I 2025 fullførte fem av våre tilsette høgskule utdanning innan GDPR.

Økonomi

Årsresultatet viser eit overskot. Ein monaleg del av dette skuldast ei rekneskapsteknisk reduksjon av framtidig pensjonsgjeld (AFP), og representerer dermed ikkje utelukkande auka likviditet frå drifta. Noko av resultatet må og tilskrivast at vi forserte organisasjons og økonomimodellen som vart framarbeidd saman med PWC i 1 tertial 2025 og som eigentleg skulle tre i kraft frå 2026.

Eigartilskotet

I tråd med KPI frå januar 2023 til januar 2024, vart eigartilskotet auka med 4,7%. Kommunal deflator for 2024 enda på 5%.

Grunnbeløpet vart sett til 133 125,51 kr og kronebeløpet pr. innbyggjar enda på 3,68 kr. Justeringar for folketal på 0,2% medførte at samla eigartilskot i 2025 enda på 4,9%

Salsinntekter

Salsinntektene gjekk ned med 8,3% som følgje av ein utfordrande kommuneøkonomi og innføring av betalingsplanar med fastpris for å sikre eigarkommunane våre føreseielegheit.

Summen av inntekter gjekk ned med 5,5 % i 2025, då ein moderat auke i eigartilskotet berre delvis kompenserte for fallet i salsinntektene.

Tabell 2. Nøkkeltal økonomi

NØKKELTAL i 1000kr	2023	2024	2025	Endring
Eigartilskot	3274	3964	4161	+4,9%
Salsinntekt	14637	15020	13777	-8,3%
Tilskot, statlege og andre	0	0	0	
Sum inntekter	17912	18984	17939	-5,5%
Lønn og sosiale utgifter	9865	13237	9688	-26%
Andre driftsutgifter	8220	6642	5143	-22%
Sum	18085	19679	14832	-24%
Driftsresultat	-173	-910	3106	
Sum finansinntekter	53	183	272	
Årsresultat	-167	-726	3378	

Lønn og sosiale kostnader

Utgiftene til lønn og sosiale utgifter er redusert. Dette skuldast i ei rekneskapsteknisk planendring knytt til overgangen til ny livsvarig AFP-ordning. Endringa førte til ein eingongseffekt for 2025 som reduserte pensjonsforpliktingane våre med om lag 1,77 millionar kroner samanlikna med året før.

Andre driftsutgifter

Ein vesentleg del av kostnadsreduksjonen skuldast at fleire større investeringar frå dei siste åra no er ferdig nedskrivne, noko som gir vesentleg lågare driftsbelastning i 2025. Samstundes er nye sett på vent i påvente av byggeprosjektet i Hansaparken.

Ytre rammer for arbeidet

Vårt arbeide og våre tenesteleveransar vert påverka av dei ytre rammevilkåra vi arbeider under. Det vere seg endringar i teknologi, lovverk og eller samarbeid regional og nasjonalt. I 2025 er vil vi trekkje fram fire punkter som påverkar arbeidet.

Ny lov om dokumentasjon og arkiv (arkivlova) vedteken av Stortinget 6. juni 2025.

Byggjeprojektet – Bergen kommune sitt kjøp og omvøling av kontorlokala i Hansaparken.

Vestland fylkeskommune sitt vedtak om vertskommuneordning 9. desember 2025.

Regional kulturplan 2025-2035 og temaplan for privatarkiv.

Ny arkivlov vedteken 6. juni 2025

Gjennom iverksetjinga den nye arkivlova skiftar vi rolle frå arkivdepot til bevaringsinstitusjon.

Dette inneber eit tydelegare mandat for å sikre ei heilskapleg samla samfunnsdokumentasjon.

Med den nye lova vert krava skjerpa monaleg. Vi skal aktivt arbeide og leggje til rette for at data og dokumentasjon kan finnast og brukast digitalt av både innbyggjarar, presse og forskning. Det betyr i praksis at det vert stilt krav til oss og kommunane våre om høgare ordningsgrad for papirarkiva og ein aukande andel digitaliserte arkivstykke som og er tilgjengelege for ålmenta Digitalt.

Vi må tette gapet slik at vi har lågt etterslep i bevaring av uttrekk frå fagsystem og NOARK-løysingar samt at vi har innsynsløysingar som sikrar trygg og enkel tilgang til digitalt skapte arkiv. Utan dette vil vi ikkje vere i stand til å levere samfunnsoppdraget i tida frametter.

Vi leverte høyringssvar til arkivføresegna den 1. november samt til bevaringsforskrifta heimla i arkivlova den 28. november.

Byggeprosjektet 2020-2025

Hausten 2020 vart vi invitert av Bergen kommune til å bli med i eit 3 årig program som hadde som føremål å redusere leigd areal i Hansaparken. Saman med dei tilsette og tillitsvalde vedtok styret å delta med mål om å bygge eit sterkt arkivfagmiljø i Hansaparken.

Gjennom perioden 2020–2025 har prosjektet vore prega av gjentakande forseinkingar. Det har ført til driftsforstyrringar i og med at vi har vore nøydt til å flytte mellom fleire ulike mellombelse lokale. I oktober 2024 var føresetnaden framleis at vi skulle flytte tilbake til omvølte lokale i Hansaparken før årskifte 2026.

Hausten 2025 kom det eit kritisk vendepunkt då Bergen kommune valde å stryke byggeprosjektet frå sin økonomiplan og investeringsbudsjett. Dette betydde at den planlagde omvølinga av kontora eller «Bruse»-bygget slik vi kjente ho, vart stoppa. Bergen kommune har i etterkant signalisert at dei vil utgreie ei nedskalert omvøling av lokala. Dei har gjenteke invitasjonen til å samarbeide med oss og våre eigarkommunar.

For å vareta våre interesser og krava til ein moderne bevaringsinstitusjon, er det teke følgjande grep:

Styret oppretta eit utval med representantar frå representantskapet som skal følgje opp den vidare prosessen. Arbeidsutvalet heldt sitt første møte i desember 2025, og det vart avtalt nye møte med leiinga i Bergen kommune i januar 2026.

Målet er å få avklara rammene for ei langsiktig løysing som sikrar både arbeidsmiljøet og dei arkivfaglege krava til trygg bevaring og god tilgjengeleggjing.

Vestland fylkeskommune og vertskommuneforsøket 2026-2030

Sidan arbeidet med ei framtidsretta arkivorganisering starta opp i 2019, har det vore arbeidd med ulike modellar for regional samordning av den kommunale arkivsektoren i Vestland.

Gjennom denne prosessen, har selskapet halde fast på at ei samordning av dei kommunale bevaringsinstitusjonane bør skje etter initiativ frå eigarkommunane og representantskapa i dei eksisterande samarbeida.

I høyringsrunda til utgreiinga «Framtidig arkivorganisering i Vestland,» vart det uttrykt skepsis til ei løysing der Vestland fylkeskommune einsidig tok initiativ til å etablere ein ny arkivinstitusjon «eit Vestlandsarkiv» innafor fylkeskommunen sin organisasjon. Det vart særleg vist til omsyn knytt til politisk styring, eigarskap, økonomi og omstillingskostnader, og til at etableringa kunne bidra til ein situasjon med fleire parallelle og delvis konkurrerande organisasjonsmodellar i regionen.

Trass i ulike vurderingar vedtok fylkestinget 6. juni 2023 (sak PS 54/2023) å arbeide for ei etablering av Vestlandsarkivet som ein ny institusjon under fylkeskommunal styring. Fylkesadministrasjonen søkte deretter Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om fritak frå kommunelova § 20-2 for å gjennomføre eit forsøk med administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå.

I desember 2025 vedtok fylkestinget føresegnene for vertskommuneforsøket for 2026-2030 og dei tilslutta kommunane i Kommunearkivordninga i Vestland KO gjorde tilsvarande vedtak.

Forsøket inneber at Vestland fylkeskommune frå 2026 skal levere arkivfaglege tenester til 18 tidigare Sogn og Fjordande kommunar gjennom eit administrativt vertskommunesamarbeid. Saksdokumenta til fylkestinget, legg til grunn at økonomien skal byggje på sjølvkostprinsippet og at kostnadsnivået i hovudsak skal vidareførast på same nivå som tidlegare. Eventuelle gevinstar skal takast ut i form av styrkt tenestetilbod og vidare utvikling av arkivområdet.

For selskapet har denne prosessen medført endra regionale rammevilkår og eit behov for å tilpasse verksemda til ein ny situasjon med fleire modellar og alternative tilbydarar av arkivtenester innanfor same geografiske område. Styret og administrasjonen har gjennom 2025 arbeidd med tiltak som skal gje føreseielege vilkår for eigarkommunane, styrke selskapet si konkurransekraft og leggje til rette for vidare fagleg samarbeid i regionen.

Som ein del av dette vedtok representantskapet i oktober 2025 ein ny økonomimodell for selskapet frå 2026. Modellen inneber ei harmonisering av selskapet sitt prisnivå opp mot kostnadsnivået i vertskommuneforsøket. Føremålet er å sikre likeverdige og føreseielege rammer for eigarkommunane.

- Vi deltok i Arkivråd Vestland den 17. januar.
- Vi deltok i Arkivråd Vestland den 6. mars.
- Vi deltok i referansegruppa for bevaringsplanen for privatarkiv og leverte høyringssvar 03. april.
- Vi deltok i Arkivråd Vestland den 5. juni.
- Vi deltok på opninga av nytt arkivmagasin på Leikanger oktober.

Regional kulturplan og det faglege samfunnsoppdraget 2025-2035

Sjølv om ulike organisasjonsformer og økonomimodellar krev merksemd, er det dei faglege måla i «Kultur byggjer samfunn – Regional kulturplan 2023–2035» som ligg til grunn for verksemda sitt langsiktige arbeid. Planen peikar på arkiv som ein sentral del av den samla samfunnsdokumentasjonen og som ein føresetnad for det utvida kulturomgrepet, med ei målsetjing om at Vestland skal vere ein leiande region på feltet. Dette legg føringar både for bevaringsinstitusjonane og for eigarkommunane som oppdragsgjevarar.

Skeivfordeling i samfunnsdokumentasjonen

I juni 2025 vedtok fylkestinget «Temaplan for privatarkiv 2025–2029». Bestandsanalysen i planen peikar på ei geografisk skeivfordeling i den bevarte samfunnsdokumentasjonen i Vestland. Arkiv etter næringsliv, lag og organisasjonar i fleire av eigarkommunane våre er svakt representert sett opp mot innbyggjartal og samfunnsutvikling. Dette gjeld særleg omlandskommunane rundt Bergen og deler av kystområda i tidlegare Hordaland.

Selskapet peika i sitt høyringssvar på behovet for ei meir balansert regional utvikling innan privatarkivfeltet dersom måla om ei samla samfunnsdokumentasjon skal kunne realiserast. Dette føreset mellom anna langsiktige investeringar i bevaring, magasinløysingar og anna arkivfagleg infrastruktur.

Samarbeid og fagleg arbeidsdeling

For å nå dei regionale måla vil det vere behov for vidare utvikling av fagmiljøa både på Leikanger og i Hansaparken. Eit sentralt tiltak vil vere vidare arbeid med samarbeidsavtalane mellom bevaringsinstitusjonane. Tydelegare tematisk og eller geografisk arbeidsdeling, kan bidra til betre ressursutnytting og ei meir balansert forvaltning av samla samfunnsdokumentasjon i Vestland.

Arbeid for kommunane

Basistenestene

Basistenestene er tenester som blant anna vert finansiert av eigartilskotet og som vert ytt til alle eigarkommunane. Tenestene omfattar kommunekontaktordninga, rådgjeving, kompetansehevande arbeide, utvikling, formidling og andre faglege samarbeid.

Kommunekontaktordninga

Gjennomføring av krava og intensjonane i arkivlova og forskrifta krev tett oppfølging og høg samt spesialisert kompetanse. Som ei del av basistenestene får kvar deltakarkommune sin eigen faglege rådgjevar som følgjer dei opp i forhold til dette arbeidet. I 2025 har det vore fokus på førebuingar til ny arkivlov og føresegner.



Bilete: frå kommunebesøk i Sveio kommune. Rådgjevar, Sandra Valskog, Rådgjevar Lars Fivelstad og konsulent Vilde Normann saman med dyktige arkivarar i Sveio kommune.

- Vi besøkte 15 eigarkommunar i 2025.
- Vi arrangerte fire arkivplan verkstadar i 2025.
- Vi hadde webinar om byggesaksskanning for eierkommunene den 15. januar.
- Vi arrangerte kurs i slektsgransking sammen med Austevoll historielag den 30. januar.

Tabell 3. Basistenesta

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Rådgjevingssaker	101	88	102	+14
Artiklar sosiale media	57	57	38	-19
Publikasjonar, artiklar tidskrift & aviser	6	6	3	-3
Kompetansetiltak, møter, kurs, webinar o.l. ⁴	57	33	44	+11
Deltakarar på våre kompetansetiltak	239	151	195	+44
Antall frivillige UiB	16	14	5	-9
Antall studiepraksiselevar UiB	1	1	1	0

Vi har i løpet av 2025 hatt 11 kompetansetiltak retta mot eigarkommunar og arkivsektoren generelt. I tillegg har i tillegg delteke på over 40 møter m.m. knytt til utvikling både regionalt og nasjonalt.

- Vi heldt innlegg på Arkivforbundet sitt webinar om digitisering av arkiv den 4. juni.
- Vi heldt innlegg om utvandring og innvandring på arkivdagen på SAB den 11. juni.
- Vi heldt innlegg på Arkivforbundet sitt webinar om kompetanse den 25. august.
- Vi heldt innlegg om muggskadd arkiv på KAI-konferansen i Fredrikstad 25. september.



Bilete: Rådgjevar, Janny Sjøholm saman med dyktige fagleiarar for arkiv i våre eigarkommunar.

⁴ Talet inkluderer og kommunekontaktmøte / besøk i kommunane.

Synleggjering og formidlingsarbeide

Gjennom basistenestene skal vi bidra til at arkiva og den verdien dei representerer skal verte synleggjort og at arkivfaget, lovgjevinga og føresegner vert gjenstand for debatt.

Aksess – ei nettløysing og eit fagtidsskrift for heile sektoren

Gjennom 2025 har fagleiar, Knut Kjosås delteke i redaksjonen i Aksess som er felles fagtidsskrift for sektoren. Det er gjeve ut to eksemplar og vår rådgjevar, Sandra Valskog, leverte og bidrag til eit av desse. Alle eigarkommunane våre får tidsskriftet som ein del av basistenesta.

Aksess tidsskrift har og ei nettside som publiserer aktuelt nyhende og artiklar laupande.

AKSESS






VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Ei investering i kunnskap, kulturarv og demokrati

AKSESS' FREMTID

Arkivforbundet overtar som utgiver



KAI-INSTITUSJONENE

Knapt 60 prosent av analoge arkiver er tilgjengelige

Bilete frå nettsida www.aksess-tidsskrift.no

Arkivdagen 2025

Arkivdagen er ei landsomfattande markering som har som mål å setje fokus på arkiva og deira betydning i samfunnet. Den vert markert kvart år i juni.

Saman med Arkivverket, Bergen Byarkiv, Slekt og Data Hordaland og Vestnorsk utvandringssenter (MUHO) arrangerte vi ei fellesmarkering på Statsarkivet i Bergen onsdag 11. juni 2025.

Arrangementet markerte og det nasjonale 200-årsjubileet for utvandringa til Amerika. Under temaet «utvandring og innvandring» vart migrasjon frå Hordalandskommunar belyst. Vår eigen rådgjevar Lars Fivelstad Smaaberg, viste mellom anna gjennom protokollar frå fattigstyret i Eidfjord, korleis kommunane spelte ei aktiv rolle i utvandringprosessen.



Bilete: Rådgjevar Lars Fivelstad held innlegg om kjelder til utvandringa til Amerika

- Vi møtte med KS Digital om bruk av Digitalarkivet den 27. januar.
- Vi deltok på kulturkonferansen på Voss den 11. april.
- Vi deltok på universitetsmuseet sitt 200-årsjubileum den 9. mai
- Vi tok i mot besøk frå Arkivverket og Riksarkivaren 19. desember.

Utviklingsarbeid i arkivsektoren

Som ein del av basistenestene deltek vi i ulike former for samarbeid og utviklingsarbeid. Samarbeid på tvers av sektoren gjer det mogleg å dele kompetanse, samordne rutinar, planar og unngå dobbeltarbeid, noko som er særleg viktig sidan ressursane på arkivfeltet ofte er avgrensa.

Samarbeid er og utgjer og ein viktig del av vår strategi for å løyse vår del av samfunnsoppdraget.

Samarbeidsrådet for Digitalarkivet

Gjennom 2025 har fagleiar, Knut Kjosås delteke i samarbeidsrådet for Digitalarkivet. Målgruppa for dette rådet er fagpersonar med god brukarforståing og teknisk kompetanse i digitale arkivtenester. Det vart arrangert eit felles møte 8. september og føremålet utvikle Digitalarkivet som nasjonal fellesløyse til og å kunne romme fleire av dei behova som kommunane og har. Vi har gjeve innspel til mottak og bevaring, sjølvbetjening og korleis statistikk frå Digitalarkivet kan brukast til å gjere oss meir datadrevne.

- Vi deltok på brukarmøte om Arkade 5 den 8. mai.
- Vi deltok på fellesmøte i samarbeidsrådet 8. september
- Vi besøkte fire arkivinstitusjonar i 2025.
- Vi fekk besøk av sju arkivinstitusjonar.

Styret i Arkivforbundet, Arkivarar utan grenser og Stiftinga ASTA

Fagleiar, Knut Kjosås sit henholdsvis i styret for Arkivforbundet og ABM-media som står som utgjevar av det arkivfaglege tidsskriftet AKSESS. Rådgjevar Lars Fivelstad er valt inn i styret i Arkivarar utan grenser som arbeider for internasjonalt arkivarbeide. Dagleg leiar, Rune Lothe sit som vara til styret i stiftinga ASTA.

Det at tilsette hjå oss innehar verv i nasjonale organisasjonar tek vi som ei tillitserklæring⁵. Det gjev og verdifull læring.

Gjennom året besøkte vi og fekk besøk av ei rekkje andre arkivinstitusjonar. Føremålet er å både å dele kunnskap og å få innspel på korleis vi kan levere betre tenester til våre kommunar.

- Vi besøkte Kommunearkivordninga KO på Leikanger for å lære om byggesaksskanning den 8. januar.
- Vi hadde møte med Oslo byarkiv om bruk av Digitalarkivet den 17. januar.
- Vi hadde besøk av IKA Kongsberg den 21. mars.
- Vi hadde besøk av IKA Møre og Romsdal den 12. mars.
- Vi hadde besøk av representantar frå Arkiv Øst 21-22. mai.

⁵ Kostnadar, reiser o.l. forbunde med verv og deltaking i nasjonale og internasjonalt fagarbeide, vert i hovudsak dekkja av organisasjonane og ikkje av IKA-Hordaland IKS.

Samarbeid med Universitetet i Bergen og NTNU

Universitetet i Bergen (UiB) tilbyr gjennom studieemnet AHKR201«Praksis i arbeidslivet». Emnet er knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap. Dette er eit emne som gjev 15 studiepoeng og skal gje studentar fagleg kompetanse gjennom deltaking i arbeidsoppgåver som kan vere relevante for studieretninga deira.

Vi har no hatt eit samarbeid med UiB kring dette i 6 år. Etter presentasjon for aktuelle studentar i februar, tok i vi i mot ein student som gjennomførte 200 timar praksis hjå oss. Etter endt praksis vart det gjeve tilbod sommarjobb hjå oss og studenten har sidan arbeida deltid ved sida av studiar.

I 2025 styrka vi samarbeidet med UiB gjennom studentemne AHKR202 Digitalisering av Kulturarven og tok i mot fleire studentar som tek utdanning på dette fagfeltet for å vise dei korleis dette føregår i praksis hjå oss.

Anna nytt av året er at vi og helt innlegg hjå Noregs teknisk naturvitskaplege universitet (NTNU) om digitalt skapte arkiv i en kommunal kontekst.

Samarbeid med utdanningsinstitusjonar er viktig for å utvikle faget samt byggje kompetanse som og kan komme til nytte for våre eigarkommunar når dei skal rekruttere.

- Vi føreleste om arkiv for studentar på AHKR ved UiB den 4. februar.
- Vi fekk besøk av studentar frå UiB den 21. mars.
- Vi føreleste om digitalt skapte arkiv for studentar ved NTNU den 11. april.
- Vi deltok på universitetsmuseet sitt 200-årsjubileum den 9. mai.

Siste året med frivilligprogrammet i 2025

Vi starta frivillingprogrammet i 2020 hovudsakleg for å gje studentar frå Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Bergen noko meningsfullt å gjere gjennom pandemien. For ingenting gjev vel meir mening enn arkivarbeide. Det er Konsulent Adisa Zvekic hjå oss, som har hatt koordineringsansvaret for frivilligprogrammet vårt.

Gjennom desse 5 åra har 62 frivillige delteke og samla sett er over 690 ulike kjelder og nær 98 000 skanns er produsert. Vårt arbeide med bruk av frivilligheit har fått merksemd i sektoren og vi har ved fleire høve delt våre erfaringar.

Arkivforbundet sin webinarserie 2025

I 2025 har dei kommunale arkivinstitusjonane samla seg rundt ein webinarserie i saman med Arkivforbundet. Bakgrunnen er å kunne tilby kunnskap som ein når fleire. I alt vart det arrangert sju webinar, med tema som ny, arkivlov, ny bevaringsforskrift, ny arkivføresegner, digitisering av arkiv, utdanning og kompetanse i arkivsektoren,

I frå oss bidrog fagleiar Knut Kjosås med innlegg den 4. juni om korleis ein kan gjere arkiv søkbare i fulltekst – med fokus på materiale som er mest brukt i saksbehandling. I tillegg bidrog dagleg leiar, Rune Lothe, med innlegg på webinar 8. august om kompetanse og utdanning innan arkivsektoren.

- Vi heldt innlegg på Arkivforbundet sitt webinar om digitisering av arkiv den 4. juni.
- Vi heldt innlegg om utvandring og innvandring på arkivdagen på SAB den 11. juni.
- Vi heldt innlegg om kompetanse og utdanning i arkivsektoren 8. august.
- Vi heldt innlegg om muggskadd arkiv på KAI Konferansen i Fredrikstad 25. september.

Kontaktkonferansen i Øystese 20- 21 oktober 2025

I oktober arrangerte vi kontaktkonferanse der vi fekk møte dei mange dyktige fagleiarane og arkivmedarbeidarane ute i eigarkommunane våre. Konferansen inneheldt eit rikhaldig program.

Kontaktkonferansen 2025

Måndag 20. oktober

10.00-11.00 Registrering og kaffi

11.00-11.15 Velkommen og opning av konferansen ved Birte Rine Young, styreleiar i IKA Hordaland

11.15-11.30 Praktisk informasjon ved Rune Lothe, IKA Hordaland

11.30-12.00 Noark 5.6 og bortfall av krav om Noark
Med ny lov og forskrift fell kravet om Noark-standard bort. Korleis vert framtida for arkivdanninga utan han? Kva konsekvensar får dette for dokumentasjon og forvaltningsspråk?
Ved Blivind Kruse, Arkivverket

12.00-13.00 Lunsj

13.00-14.15 Ny æra for dokumentasjonsplanen og internkontroll for arkiv
Ein funksjonell dokumentasjonsplan blir stadig viktigare for kontroll og rett bruk av data i kommunale tenester. Planen er no meir enn eit dokument, i denne boken ser vi på strategiar for vidare arbeid i kvalitetssystem og med verksemdsarkitektur i ljøs av nytt lovverk.
Innleiing ved IKA Hordaland
Del 1 ved Hilde Kristine Bæ, rådgjevar ved Digitalisering og innovasjon Nordhordland og Signe Monvik, fagleiar for dokumententeret i Osterøy kommune.
Del 2 ved Birte Rine Young, ordelingsleiar for dokumententeret i Bygarden kommune.

14.15-14.45 Pause

14.45-15.15 Kunstig intelligens og postlister
Personvern og kontroll av dokumentinnhald i fulltekstpubliserte postlister har fått mykje merksemd i media det siste året. Samstundes gjev kunstig intelligens nye moglegheiter til å dele meir med offentlegheita – med like mykje eller mindre ressursbruk. Korleis nyttar Øvre Eiker kommune KI for å sikre opplysingane i postlista?
Ved Trine Bryn Jensen, arkivleiar i Øvre Eiker kommune

15.15-15.35 Arkivplikt i interkommunale samarbeid ved Lars Fivelstad Smørborg, IKA Hordaland
Kva roller og plikter bør vere tydeleg avklara for å sikre forsvarleg dokumentasjonsforvaltning?

15.35-16.00 Bevaringsforskrifta ved Knut Kjosås, IKA Hordaland
Kva skjer med bevaring og kassasjon no?

16.00-16.15 Pause

16.15-16.45 Kunstig intelligens i ulike delar av forvaltninga
Bamble kommune tek i bruk kunstig intelligens for å effektivisere og heve kvaliteten på tenestene. Dei nyttar KI til mellom anna chatbotar, transkribering og automatiske materreferat. Korleis verkar dette inn på sakshandsaminga og kva erfaringar har dei gjort seg så langt?
Ved Robert Lien Pettersen og Even Sehested i Bamble kommune

Avslutning dag 1 ved Rune Lothe, IKA Hordaland



16.50-19.30 Eigentid eller journalføring i bassenget

19.30-20.00 Aperitiff

20.00-22.30 Festmiddag i restuaranten etterfølgd av kviss i hotellbaren



Tirsdag 21. oktober

09.15-10.30 Orienteringar frå IKA Hordaland

10.30-11.00 Pause med utsjekk

11.00-11.45 Kunstig intelligens i ulike delar av forvaltninga - forts.
Ved Robert Lien Pettersen og Even Sehested i Bamble kommune

11.45-12.15 E-arkiv og innsyn
Eigarkommunane har deponert mange sak-arkiv- og fagsystem dei seinare åra. IKA Hordaland arbeider med strategiar og tiltak for å gjere systema tilgjengelege. Korleis og når bør kommunen få tilgang til dokumentasjon i deponerte fagsystem?
Ved Knut Kjosås, IKA Hordaland

12.15-13.15 Lunsj

13.15-13.45 Ny lov om dokumentasjon og arkiv (arkivlova)
Frå 01.01.2026 får vi nytt lovverk som erstattar arkivlova frå 1998. Kjetil Landrog frå Arkivforbundet trekker linjer frå NOU 2019 til dagens vedtak, og peikar på kva som har vore viktig for sektoren. Kva får dette å seie for kommunane - og korleis vil lova forme arkivarbeidet i framtida?
Ved Kjetil Landrog, Arkivforbundet

13.45-14.00 Ny forskrift om dokumentasjon og arkiv (arkivforskrifta) og bevaringsinstitusjonane
Ved Rune Lothe, IKA Hordaland


14.00-14.05 Beinstrekk

14.05-14.45 SAMLA.no - digitalisering av kulturhistoriske arkiv
På 18- og 1900-talet reiste folkeminnesamarar gjennom fjordar, bygder og fjell i Hordaland for å dokumentere songar, forteljingar, kunnskap og folketru. No blir denne unike kulturarven digitalisert og gjort sakkbar på Samla.no.
Ved Angun Sanneseyn Olsen, stipendiat i kulturhistorie ved Universitet i Bergen

14.45-15.00 Avslutning av konferansen og vel heim



Bilde: Program for kontaktkonferansen 2025



Bilete t.v. Fagleiar for arkiv i Øygarden kommune, Birte Young held innlegg på Kontaktkonferansen. Bilete t.h. Rådgjevar og koordinator for skanning av byggesak, Sandra Valskog fortel om korleis vi arbeider med digitalisering



Bilete: dagleg leiar, Rune Lothe og konsulent, Inge Vikane flyttar arkiv.



Bilete: Rådgjevar, Lars Fivelstad pakkar arkiv i Austevoll kommune.



Bilete: Spesialkonsulent, Jørn Harald Grov ordnar arkiv.



Bilete: Ferdig skanna arkiv klar til deponering.

Depottenestene

Depottenestene består av tenester som omfattar sikring og formidling av både analoge og digitale arkiv. I følge arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. I 2025 hadde alle dei 24 eigarkommunane avtale om å bruke oss som si depotordning.

Arkivverket sine tilsyn syner at det framleis er behov for å opparbeide forskriftsmessige arkivlokale sjølv om utviklinga går i retning av digital arkivskaping. Trygg lagring og forskriftsmessige lokale gjeld uavhengig om formatet er papir eller digitalt.

Sikringsmagasin for papirarkiva

Gjennom tenesteavtala får kommunane tilgang til spesialrom for papirarkiv som skal tilfredsstille NS-ISO 11799:2015 for eldre og avslutta arkiv. Minimumskravet i føresegnene seier at alle administrative arkiv som vart skapt før 1995 no skal vere ordna og deponert. Avslutta arkiv frå nedlagde kommunar skal og vere deponert.

Arbeidet med deponering av kommunale arkiv

Hausten 2012 såg vi slutten på arbeidet med å ordne og katalogisere arkiva frå 1837 fram til 1965 og den kommunereforma som var då. Det vart då sett i gang eit felles to årig prosjekt som hadde som mål å samordne, kartlegge og greie ut behovet for ordning og depotplass for arkiva etter 1965 og fram mot 1990 talet. I frå 2013-2015 vart om lag 2200 hyllemeter hovudsakleg frå 1965-1985 henta inn til ordning.

I tida etterpå er det henta vi inn eit etterslep samstundes som ei rekkje samanslåingskommunar deponerte arkiva. I desember 2025 stod det att 1825 meter uordna arkiv i depot hjå oss.

Tabell 4. Nøkkeltal bestand

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Tilvekstar offentlege arkiv hyllemeter	346	179	147	-32
Offentlege arkiv bestand hyllemeter i depot.	12190	12369	12516	+147
Tilvekstar privatarkiv hyllemeter	0	0	0	0
Privatarkiv bestand hyllemeter i depot	105	105	105	0
Samla bestand (offentleg og privatarkiv)	12235	12474	12621	+147
Ledige hyllemeter i magasin pr. 31.12.	2000	526	379	-147

Då vi flytta frå Årstad til Hansaparken i 2009 hadde eigarkommunane deponert 1088 meter arkiv. I dag bevarer og formidlar vi frå over 12 kilometer arkiv frå 1837-2019. Vi nyttar ASTA 7, Arkivportalen og Digitalarkivet som plattformer for å løyse krava kommunane har i forhold til register over bestand arkivkataog og tilgjengleggjer. Data frå våre register vert og brukt i nasjonale statistikkar og i arbeidet med å digitalisere arkiv og gjere desse søkbare for eksempel via Digitalarkivet.

Tabell 5. Nøkkeltal katalog

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Arkiv registeret i ASTA 7	4911	4953	5465	+512
Registrerte arkivstykker, ASTA 7	132650	136802	140063	+3261
Registrerte mapper, ASTA 7	868385	1040560	1078091	+37531
Publiserte arkiver, Arkivportalen	4633	4668	4708	+ 40
Publiserte arkivstykker, Arkivportalen	89004	93531	91077	- 2454 ⁶
Publiserte mapper, Arkivportalen	219203	237187	243889	+ 6702



Bilete: Rådgjevar, Sandra Valskog og Rådgjevar Janny Sjøholm stiller opp tekniske arkiv frå Fusa kommune Arkiva er skanna av Dansk skanning på oppdrag frå Bjørnafjorden kommune. Då arkiva dei inneheld dokumentasjon skapt før 1950 er det bevaringspåbod på arkiva. (Tomme øskjer som ligg hulter til bulter vert returnert til gjenbruk).

⁶ I 2025 vart det gjort ei kvalitetssikring der feil og doble registreringar vart fjerna.

Innsyn i arkiva

Vi har mål å levere innsyn i arkiva digitalt innan 1–3 virkedagar. Det siste året har vi sett ein monaleg vekst i etterspurnaden, med ein auke på 14 % i talet på førespurnader samanlikna med fjoråret. Talet på saker har gått opp frå 3,2 til 4,2 innsynsaker per dag. Saksfeltet vert og stadig meir komplekst. Vi handterer stadig oftare «hybride arkiv», der arkiv, data og dokumentasjon må hentast frå fleire ulike kjelder. Dette krev høgare presisjon og meir ressursar i kvar enkelt sak.

Tabell 6. Nøkkeltal innsynssaker


NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Innsynsaker i papirarkiva	825	811	926	+117
Besøk på lesesalen	10	5	7	+2
Timer brukt til innsyn	3190	3496	2805	-691
Tidsbruk pr. innsyn (timer og minutter)	3,51	4,20	3,0	-1,20

Saman med satsinga på digitalisering av fleire kjelder for publisering på Digitalarkivet er det og lagt opp til ei aukande grad av sjølvbetjening. Heile 660 000 kjelder vart opna via Digitalarkivet i 2025.

For å møte dette volumet har vi organisert oss med eit «team depot» som består av tre tilsette og er koordinert av ein rådgjevar. Ved behov kan vi skalere opp sakshandsamarrolla med 6-8 tilsette ved å trekke inn øvde rådgjevarar og konsulentar. Det har vidare vore arbeida aktivt med oppdatering og synleggjering av både bestillingsløyisingar og rutinar for å sikre lik tenestekvalitet for kommunane.

I 2025 er det satsa målretta på fagleg utvikling og auka kompetanse hjå sakshandsamarane og heile fem konsulentar fullførte høgare utdanning innan GDPR i 2025. Vi teke i bruk verktøy som digitalt nærmagasin for fagsystem og NOARK visningsløyising for digitalt skapte saksarkiv.

I følgje Riksarkivar, Inga Bolstad, er NOARK visningsløyising ei av kommunal arkivsektor si best bevarte hemmelegheiter. Vi presenterte løysinga for KS-Digitale fellestenester 27. januar 2025. Ved utgangen av 2025 var over 15 NOARK uttrekk visningsklare i løysinga.



Bilete: Skjermdump frå NOARK visningsløyising i Digitalarkivet.

Digitalisering av kulturarva

Det nasjonale målet er at 10 % skal vere digitisert innan 2029. Riksrevisjonens si undersøking av digitalisering av kulturarva, Dokument 3:4 (2016-2017) slo fast at berre ein liten del av kulturarva som dei kommunale arkiva representerer er digitisert og gjort digitalt tilgjengeleg for publikum.

Ålmenn tilgang til arkiv som informasjonskjelder kviler på FNs bærekraftsmål om demokratiske rettar for den enkelte innbyggjar. Frå 2019, då Digitalarkivet (DA) vart opna for oss som tenestetilbydar, har vi gjennom avtalen med Arkivverket digitisert kommunale arkiv, eldre en 100 år og publisert desse opent tilgjengeleg.

Arkiva i frå Øygarden, Alver og Bømlo var dei som vart brukt mest i 2025 og stod åleine for over 30% av dei totale brukte kjeldene av dei arkiva vi tilbyr digitalt.

Tabell 7. Nøkkeltal Digitisering av kulturarva

NØKKELTAL i 1000kr	2023	2024	2025	Endring
Totale tal blider tilgjengeleg via Digitalarkivet	1015290	1172735	1346283	+173548
Totale tal sider tilgjengeleg via Digitalarkivet	2030580	2345470	2692566	+347096
Totale arkivstykker / bøker tilgjengeleg digitalt	5548	6378	7230	+852
Antall stykker /bøker digitisert pr. år	1507	830	852	+22
Antall bilder digitisert pr. år	339238	157445	173548	+16103
Tal sider digitisert	871722	314890	347096	+32206
Antall kjeldevisninger via digitalarkivet pr. år.	4297731	648 899	662933	+14034



Bilete: Reklame for kopimaskiner frå arkivet i Austevoll 1971.

Statistikk frå Digitalarkivet viser at Vestland samla sett er den klart største regionen innan digital kommunal kulturarv i Noreg. Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, Bergen Byarkiv og Fylkesarkivet i Vestland stod ved utgangen av 2025 for over 11 000 publiserte einingar eller 47% av totalen.

Tala viser òg at dei sterkaste fagmiljøa for digitalisering og publisering av kommunal kulturarv er knytt til regionale samarbeidsmiljø med eigne depot, produksjonslinjer og tett samarbeid mellom kommunar og arkivinstitusjonar.

I Hansaparken-miljøet samarbeider vi og Bergen Byarkiv om ei felles skannelinje for digitalisering av kulturarva. Statistikken viser at nær 40 % av den totale nasjonale auken av digitiserte kommunale arkiv tilgjengeliggjort via Digitalarkivet i 2025 kjem frå dette fag/ produksjonsmiljøet.

Tabell 8. Publiserte arkivstykker på Digitalarkivet i 2025 etter kommunal bevaringsinstitusjon

FYLKE	Kommunal bevaringsinstitusjon	Publiserte stykker pr. 01.11.2024	Publiserte stykker på DA pr. 31.12.2025	Endring
Vestland / tidl. Hordaland	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	6061	7142	1081
Nordland	Nordland fylkeskommune / Ain KO	1398	2376	978
Vestland	Bergen Byarkiv	965	1942	977
Vestland	Fylkesarkivet i Vestland	1356	1975	619
Agder	Arkivsenter Sør	1766	2272	506
Rogaland	Stavanger Byarkiv	1661	2013	352
Agder	AAMA - KUBEN	1343	1500	157
Møre og Romsdal	IKA Møre og Romsdal IKS	356	464	108
Vestfold	Vestfoldarkivet	1228	1266	38
Oslo	Oslo Byarkiv	254	290	36
Innlandet / Akershus	Innlandet fylkeskommune / IKA KO	30	50	20
Buskerud	Drammen Byarkiv	3	23	20
Rogaland	IKA-Rogaland IKS	1374	1376	2
Trøndelag	Trondheim Byarkiv	267	268	1
Buskerud / Telemark og Vestfold	IKA-Kongsberg IKS	144	144	0
Akershus / Østfold	Arkiv Øst IKS	103	103	0
Trøndelag	IKA Trøndelag IKS	76	76	0
Troms	Interkommunalt arkiv Troms IKS	30	30	0
Finnmark	IKA Finnmark IKS	0	0	0
Østfold	Fredrikstad Byarkiv	0	0	0
Vestland / tidl. S&F	Kommunearkivordninga i Vestland KO ⁷	0	0	0
Troms	Tromsø Byarkiv og bibliotek	0	0	0
Sum		18415	23310	4895

⁷ Kommunearkivordninga i Vestland KO er eige rettssubjekt men publiserer arkiva frå kommunane Sogn & Fjordane hjå fylkesarkivet i Vestland.



Bilde Copybook i2S og DL Mini felles utstyr som og vert brukt av Bergen Byarkiv.

Digitalt sikringsmagasin, DSM og digitalt nærmagasin DNM

Arkivverket si årlege kommuneundersøking frå 2014 fortalde at 76 % av kommunane i Hordaland fylke aldri hadde teke uttrekk av data frå fagsystema sine. Sidan då har vi arbeida systematisk med å tette eit omfattande etterslep i sikring av digitale arkiv i Hordaland. Ei kartlegging i 2015 avdekkja 178 avslutta fagsystem som mangla bevaring, noko som kravde ressursar langt utover dåverande kapasitet. Sjølv om kommune- og regionreforma uprioriterte arbeidet, har vi sidan 2020 intensivert innsatsen gjennom strategisk samarbeid med IKT-Nordhordland.

Dette resulterte i ein pilot med Arkivverket og at vi i 2022 inngjekk avtale om bruk av Digitalarkivet som digitalt sikringsmagasin (DSM). Ved å effektivisere arbeidsløypa for uttrekk sikrar vi no at kommunal dokumentasjon vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertida.

Tabell 9. Nøkkeltal Digitalt depot

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Tilvekst (aksjesjon) mottekne systemdumper	26	33	16	-19
Samla bestand av digitale arkiv (arkivpakker)	273	306	322	+33
Tal uttrekk (arkivpakker) under arbeid	164	182	182	+18
Samla bestand ferdige uttrekk lasta inn i DSM	109	124	195	+71

Tabellen viser at innsatsen for å få inn avslutta system frå eigarkommunane har gjeve resultat. Ved utgangen av 2025, hadde alle våre eigarkommunar levert uttrekk. I 2025 vore det arbeida mykje med å få bearbeide og laste opp system i DSM og DNM samt forenkle og forbetre arbeidsmetodane. I 2025 har Arkivverket etablert ytterlegare tekniske løysningar for sikkerhetskopiering og redundans.⁸

⁸ [Arkivverket-arsrapport-2025.pdf](#)

Bevaring

Arkivpakker

Søk / filtrer

Databehandler	Arkivskaper	System	Arkiv startdato	Arkiv slutt dato	Råderett	
IKA Hordaland	Radøy kommune. Skulane	Visma flyt skole	2015-01-01	2019-01-01	Alver kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Osterøy kommune. Barneverntenesta	Visma familia v. 9.2	2021-01-01	2023-12-31	Osterøy kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Vaksdal kommune. Barneverntenesta i Vaksdal og Modalen	Visma familia v. 9.2	2021-01-01	2023-12-31	Vaksdal kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Fusa kommune. Barneverntenesta	Visma familia v. 8.7.2	2009-01-01	2019-12-31	Bjørnafjorden kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Kvam herad. Sentralarkivet	Acos WebSak 8	1993-01-01	2021-12-31	Kvam herad	Detaljer
IKA Hordaland	Voss kommune. Barnevernet	Visma familia v. 8.8.4	2006-11-02	2020-02-14	Voss herad	Detaljer
IKA Hordaland	Samnanger kommune. Barnevernet	Visma familia v. 8.9.1	2007-06-14	2022-04-07	Samnanger kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Etne kommune. Sentralarkivet	Acos Websak	1997-03-12	2015-04-20	Etne kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Lindås kommune. Sentralarkivet	Documaster - DOTS	1992-01-01	2006-12-31	Alver kommune	Detaljer
IKA Hordaland	Etne kommune. Sentralarkivet	Acos Websak	2021-01-13	2025-09-04	Etne kommune	Detaljer
Velg antall per side 10 1-10 av totalt 195 < > >1						

Bilete: Skjermdump frå bevaringsløyisinga i Digitalarkivet.

Oppdragstenestene

Oppdragstenestene omfattar arkivfaglege tenester som vert finansiert gjennom oppdragsavtalar eller arbeidsordre. Hå oss har om lag 5 årsverk vore knytt til oppdrag frå kommunane i 2025. Hovuddelen av oppdraga går ut på å ordne og katalogisere arkiv, samt og ta uttrekk av arkiv og fagsystem.

Arkivverket har dei siste åra gjeve våre kommunar over 60 pålegg om planar, uttrekk, sikring og ordning av eldre og avslutta materiale. Det er eit krav om at kommunane må lage ein framdrift og finansieringsplan. Arbeidet skal som regel vere slutført innan 3 år etter at tilsynet har funne stad.

Ordning og katalogisering kan redusere behovet for nye magasin. Ansvarleg forbruk, produksjon og betre nytting av ressursane, er eit av FN sine bærekraftsmål. Gjennom å ordne arkiva gjer vi dei både tilgjengeleg og vi reduserer og mengda arkiv vi treng lokale til i framtida.

Tabell 10. Nøkkeltal ordningsarbeid og ordningsgrad

NØKKELTAL	2023	2024	2025	Endring
Offentlege arkiv ordna og katalogisert pr. år	979	415	326	-89
Privatarkiv ordna og katalogisert pr. år	0	0	0	0
Bestand ordna og katalogisert pr.år	979	415	326	-89
Bestand (ordna og katalogisert)	10743	11158	11484	+326
Samla bestand (offentleg og privatarkiv)	12232	12474	12621	+147




Bilde: Spesialkonsulent Jørn Harald Grov ordnar og katalogiserer eldre arkiv.

Digitalisering på lag med kommunane

I april 2025 lanserte vi ei ny teneste for ordning og digitalisering av tekniske arkiv. Tenesta er utarbeida for å møte kommunane sine behov for kontroll og økonomisk føreseielegheit. Ved å gje oss jobben, slepp kommunane å sende uerstatteleg materiale ut på lange transportetappar, samstundes som vi kan levere inn i dei løysingane som kommunane sjølv ynskjer.

For dei som ynskjer å bruke marknaden samarbeider framleis med aktørar som Geomatikk og Dansk skanning til det beste for våre eigarkommunar. For å trygge arkiva for framtida, gjev vi råd om løypande uttrekk til digitalt sikringsmagasin.

Austevoll kommune var fyrst ut med å ta i bruk den nye modellen. Her er arbeidet planlagt over fleire år, noko som gjer at kommunen kan spreie både kostnadene og arbeidsbyrda over tid. Dette viser korleis vår fleksible modell gjer store digitaliseringsløft moglege, sjølv i tider med stramme budsjett.



Bilete: IT- Ingeniør Øyvind Olsen og Konsulent Kjersti Marie Sørenes skannar byggesaksarkiver.



Bilete: Konsulent, Inge Vikane leverer arkiv til digitalisering.



Faksimile frå Aksess.



Handwriting practice area consisting of 20 horizontal lines. The lines are evenly spaced and span the width of the page, providing a guide for letter height and placement.

www.ikah.no

Kalfarveien 82, 5022 Bergen

telf.: 55 30 60 90

e-post: post@ikah.no

facebook.com/ikahordaland

Instagram: [@ikahordaland](https://www.instagram.com/ikahordaland)